



Møtebok Fjordvegen Rute 13 Styremøte 20.01.20, klokka 1200-1500 Stad: Energihotellet, Nesflaten

Møtte: Gerd Helen Bø, Sigbjørn Hauge, Roald Aga Haug, Kristoffer Amdal

Via link: Irene Heng Lauvsnes, Morten Midlang,

Forfall: Marthe Hammer, Arnstein Menes

Sekretariatet: Jostein Eitrheim, Hanne Sundbø, Trude L. Rinaldo

Sakshandsaming:

Sak 01/20 Meldingar

Melding i møtet:

Tilbakemeldingar på vår forespørsel fra Fjordvegen om å få koma å presentera oss og arbeidet vårt i kommunestyrer og fylkeskommunen frå: Strand, Sauda, Vik og Vestland fylkeskommune

Sak 02/20 Økonomi

Utkast til rekneskap 2019 har alle fått. Det vert kalla inn til ekstra telefonstyremøte for å godkjenna årsmøtesaker og innkallinga til årsmøte 2020.

Styret føreslår å auka medlemskontingent for 2021. Dette fordi me går med eit lite underskot, som det vanskeleg er å dekka inn utan å redusera aktivitet. Styret føreslår kr 5000,- eller tilsvarande indeksregulering auke pr kommune, og at Rogaland fylkeskommune aukar med kr 20000,- . Dette vart lagt fram som årsmøtesak.

Sak 03/20 Orienteringar:

- Oppdatering i høve NTP-prosessen.

Møter med med sentrale aktørar i fylkeskommunane. Notat vert sendt til styremedlemmene. Dette gjeld 2 møter der Vestland fylkeskommune møter kommunane i det nye fylket. Hardanger er invitert saman med Sunnfjord, Nordfjord og Sogn.

- Orientering til kommunestyre i medlemskommunar. Diskutert ved starten av møtet. Vestland fylkeskommune tek imot oss kl. 1300 på Sandsli, Bergen 20.02.20. Håpar at fleire frå styret kan vera med på dette viktige møtet. Administrasjonen føl fortlopende opp dei kommunane som ikkje har kome med tilbakemelding på møte.

- Arbeid med presentasjon av verdiskaping i Fjordvegregionen .

Me treng å visa kor produktiv regionen er. Viktig å få fram tal frå alle. Administrasjonen blir bedt om å sjekke fleire informasjonskjelder og i det minste døme frå andre område/regionar, dette for å supplera tal frå Ullensvang.

Tal for produktivitet i alle rasbelasta fylke skal sjåast på.

- Nasjonal Rassikringsgruppe

Me må bruka rassikring for å få gjennomslag, det er vårt beste kort. Rogaland har vald representant + vara, Vestland ikkje før 4.3. Det er stor utskifting i gruppa. Kristoffer Amdal har møtt som ny vara i 1. møte i gruppa og refererte frå dette møtet. Kontakt i høve innlegg på Årskonferansen er oppretta via Jenny Følling inntil vidare. Åshild Kjelsnes som fungerande leiar blir kontakta om nye tal. Viktig at Fjordvegen har tett samarbeid med dei, og kan vera både støttespelar og pådrivar i det viktige arbeidet.

Ny rapport frå SVV viser at full rassikring av alle punkt med høg eller middels faregrad vil utgjera 71 mrd eller omlag 6,67% av total NTP-ramme. Vi oppmodar Nasjonal rassikringgruppe til å nytta dette prosentalet. Fjordvegen må laga ein presentasjon som ledd i dette arbeidet.

- Førebuing til årsmøte 27.04.2020

Kontingent er viktig og må drøftast på årsmøtet. Dagleg leiar sender ut doodle for avklaring av dato til telefonstyremøte som skal godkjenna årsmelding og rekneskap.

Sak 04/20 Årskonferansen 2020 "Gjennom Ryfast til Sogndal".

Gjennomgang av både program og praktiske saker.

Førebels program og budsjett vart gjennomgått.

Styret blir bedt om å spela inn problemstillingar for den politiske debatten til Hanne, samt bidra med god deltaking frå eigen kommune.

Nivå for konferanseavgift samt styrets eigen betaling blei akseptert.

Styrrepresentant til å oppsummera under avslutninga: Kristoffer Amdal skal vurdera dette.

Utsending av program for påmelding skjer medio mars, men meir informasjon som triggar for deltaking skjer no i månadsskiftet januar/februar som nyheitsbrev.

Årsmøtet bli etter konferansen som oppsatt.

Sightseeing gjennom Ryfast til Solbakk og retur, men med moglegheit for avstigning på Solbakk.

Sak 05/20 Fast Post:

Sogn:

Vikafjellet er meir stengt enn nokon gong. SVV har endå strengare krav, og stenger oftare pga fare for ras. Ein riksveg bør vera open for trafikk.

Oppå Vikafjellet er det geografiske midtpunktet i vårt nye Vestland fylke.

Den nye tunnelen mellom Vik og Vangsnæs opnar til sommaren

Nytt ferjeselskap har utfordringar med naturkraftene.

Det er ønske frå nye Sogndal kommune at strekninga Hella - Leikanger vert utbetra.

Vikafjellet var pga beredskap tema i spørjetimen i Stortinget. Ordføraren skal ha møte med statssekretær.

Høgre sin transportfraksjon ynskjer å koma til Vik endå ein gong.

Vikafjellstunnelen er med nedskalert profil kostnadsrekna til 3.6mrd i 2019 kroner.

Voss:

Lite nytt å mælda frå Voss i dag.

Ullensvang:

Arbeider med SVV om rassikring. Det er denne kommunen som har flest rasutsette vegstrekningar i landet, og bør såleis ha minimum 1 prosjekt i NTP.

Suldal:

Rødsliane, reguleringsplanen er klar, prosjektet ligg inne i siste periode i noverande NTP.. Ras langs Suldalsvatnet, vegen stengt nokre dagar.

Strand:

I Strand har dei eit ynskje om veg utanfor sentrum av Tau.

Fjordvegen Rute 13 si prioriteringsliste til NTP

Når var den sist revidert? Den vart laga til sist NTP.

Me bør laga ein status på kva me har fått til. Me må også revidera prioriteringane og gjera nytt vedtak for Fjordvegen Rute 13.

Fjordvegen bør få tak i skredfaktoranalysane. Der kjem RV 13 svært høgt ut. Det må me bruka i vårt arbeid.

Klimaendringar aukar faren for fleire ras. Det er argument for å få prosjekt godkjent og gjennomført.

Administrasjonen vert beden om å få tak i desse analysane.

Sak 31/19 Innmeldte saker/Ymse

Dagleg leiar har fått sak frå Edmund Utne, som ber styret drøfta om deltaking på Arendalsuka 2020 er noko Fjordvegen skal.

Styret vil oppfordra Norsk Rassikringsgruppe til å leiga stand på Arendalsveka, og så vil Fjordvegen arbeida derifrå.

Oppfordring frå Seniorkonsulent: Styret vert oppfordra til lesa og dela Fjordvegen sin informasjon på sosiale medier.

Trude Rinaldo
Referent